



## Notat

Dato: 22.11.2017  
Arkivsak: 2017/15921-3  
Saksbehandlar: talhals

---

**Til:** Snorre Waage

---

**Frå:** Tale Halsør

---

### Høyring av SPR for Klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane.

Viser til høyring om SPR med høyringsnotat og –brev. Det kjem fram i høyringsbrevet at departementet ønskjer ei avgrensing i innspela til den nye delen om klimatilpassing. Generelt er det behov for ei revidering av retningslinene også for klima- og energiplanlegging. Men eg går ikkje nærare inn på dette, då det ikkje er tema for denne høyringa.

Det er positivt at det kjem retningslinjer for klimatilpassing, for å bidra til å auke fokus på temaet og fordele ansvar. Det ville vore ønskeleg om teksten vart formulert som retningslinjer, ved å kortast ned og gjerast endå tydelegare.

Første avsnitt under pkt. 4.1 er positivt. Det gir ei god skildring og konkretisering av kunnskapsgrunnlaget for planlegging for klimatilpassing. Det ville vore fornuftig å tilpasse pkt 3.1.a og 3.1.c til eit tilsvarande avsnitt. Det er i dag ikkje tilgjengeleg gode data for klimagassutslepp på kommunenivå. Dei som eksisterer er sjablongmessig utforma og vil av den grunn i liten grad fange opp lokale endringar som følgje av klimatiltak. Det er også avgrensa i kva grad kommunen kan påverke utsleppa innanfor sitt geografiske område. Kommunen bør difor kunne få utforme kunnskapsgrunnlag for utslepp tilpassa sitt område og sine tiltak, slik at dei kan velje gode indikatorar å styre etter i staden for utelukkande å styre etter klimagassutslepp. Framskrivingar av generelle utslepp for kommunen er tilsvarande krevjande å få til og lite nyttig som kunnskapsgrunnlag for å prioritere og måle effekten av tiltak.

Klimatilpassing er eit omfattande fagområde med mange relevante aktørar. Retningslinene bør ha som målsetting å sette tydelegare ansvar på aktørar og kva som er venta av dei, både som kunnskapsleverandørar og innanfor forvaltinga. Det kjem til dømes ikkje klart fram av høyringsfråsegn kven som er ansvarleg for fylkesROS (jf. tredje avsnitt i 4.1). Det er i dag fylkesmannen som har ansvar for samfunnssikkerheit og beredskap, og gjennomfører FylkesROS.

Det er også uklare signal med tanke på krav til kommunal planlegging. Det står i femte avsnitt 4.1. at kommunen i samfunnsdelen til kommuneplan skal vurdere om klimaendringar vil påverke langsiktige utfordringar, mål og strategiar, medan det i sjetten avsnitt står at i samfunnsdelen bør kommunen vurdere korleis klimaendringar kan påverke samfunnssikkerheit, kritisk infrastruktur, naturmiljø, innbyggjarane si helse og utpeikte næringar. Desse temaa er i stor grad overlappende med tema kommunen i sin samfunnsdel vil ha mål og strategiar om. Det er difor truleg at det kan uklart krav til kommunal planlegging grunna dette. Vi ber om at dette vert samla til éi, tydeleg retningsline der kommunen skal vurdere

konsekvensen av klimaendringar på mellom anna samfunnssikkerheit, kritisk infrastruktur, naturmiljø, innbyggerane si helse og utpeikte næringar.